

Til Riksantikvaren

Pb 1483 Vika

0116 Oslo

postmottak@ra.no

Tyssedal, den 12. mai 2025

Høyringsuttale – Riksantikvaren sitt *Forslag til bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø*

Dykkar ref.: 25/01129-6.

Bakgrunn

Kraftmuseet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forsking og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden. Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonna. Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevara, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

Kraftmuseet forvaltar arbeidarbustader i Folgefonna i Odda, ei sentral del av industrireisinga tidleg på 1900-talet, samt bygg og anlegg på smelteverktomta, no Smelteverket bydel i Odda.

Vi har motteke Riksantikvaren sitt *Forslag til bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø*, og vil i det følgjande kome med nokre innspel til denne.

Innspel

Fortetting, transformasjon og overordna planlegging

Vi set pris på at strategien er såpass tydeleg på korleis eit samfunn bør utviklast slik at kulturminnemiljø får bestå. Til dømes er byomdanning framfor transformasjon eit godt signal frå Riksantikvaren. Gjennom handhevinga av idealet om fortetting av bymiljø, kan viktige trekk i kulturmiljøa gå tapt.

Strategien er også tydeleg på at gjenbruk av bygg er viktig, ønskeleg og naudsynt, i eit bærekraftperspektiv.

Temainndelinga i bevaringsstrategien

Vi finn forslaga til deltema i strategien, *1. Stedets identitet og sær preg, 2. Der vi møtes og 3. Der vi bor*, både inspirerande og nyttige. Temainndelinga gjev gode kategoriar å arbeide breitt innafør.

Nokre element kan falle innunder fleire tema, utan at dette treng å vere kritisk for prioriteringa av dei.

Arbeidarbustader

Vi meiner at arbeidarbustader bør nemnast i klártekst, kanskje spesielt under deltema 3, *Der vi bor*. Vi ser at arbeidarbustad-tematikk fell delvis utafor deltema 1, slik det er utforma no (*Stedets identitet og sær preg*).

Bustader reiste i samband med industriutviklinga er tekne med i biletteksten på side 15 (Sauda), men dette skjer i prinsippet før ein går i gang med sjølve tema-bolkane i dokumentet, kor ein synleggjer dei konkrete prioriteringane.

For å sikre at arbeidarbustader ikkje vert tona ned i strategien, vil vi gjerne føreslå at ein legg dei inn på side 35, til dømes kring setninga *Tidlig på 1900-tallet var småhusbebyggelsen preget av Egne hjem-bevegelsen og hagebyidealene*. Det er flott at *Egne Hjem* er teke med, men denne tematikken er større enn *Egne Hjem*-rørsla.

Eksempelvis kan vi lokalt, ved å sjå på bustadområde initiert under industrireisinga heilsakleg, òg lese historia om det klassedelte samfunnet, slik det fekk ulike, materielle uttrykk gjennom bustad og byplanlegging: For direktøren, for funksjonæren og for arbeidaren, både i Odda sentrum, i Tyssedal, på Eide, og, i nyare tid, på Tokheim/Eitrheim.

Med venleg helsing

For styret,

Toralf Mikkelsen

Styreleiar